

Nord-Fron kommune

Politisk sak

Høyring - Forslag til endringar i naturmangfaldlova, rovviltforskrifta og forskrift om utøving av jakt, felling og fangst

Utval	Saksnr	Møtedato
Utval for landbruks-, utmarks- og miljøraker	054/19	18.09.2019

Saksbehandlar	Journalpost
Geir Johan Groven	19/16859

Vedlegg:

Høyringsbrev, Klima- og Miljødepartementet 6.6.2019.

Høyringsnotat til endringar i rovviltforvaltninga, Klima- og Miljødepartementet 6.6.2019.

Høyringsuttale frå USS 29.8.2019.

Administrasjonssjefen legg saka fram for utval for landbruks-, utmarks- og miljøraker med slik

Innstilling:

Utval for landbruks-, utmarks- og miljøraker viser til rådmannsleiinga si vurdering av forslag til endringar i naturmangfaldlova, rovviltforskrifta og forskrift om utøving av jakt, felling og fangst, og støttar dei vurderingane som er lagt fram.

1. Utvalet støttar forslaget om endring av § 17 andre ledd andre punktum i naturmangfaldlova. Endringa inneber ei lemping av nødverjeretten, ved at retten kan nyttast før ei faktisk skade har skjedd dersom dette "*må anses påkrevd*".
2. Utvalet støttar ikkje forslaget om oppretting av ei ny, uavhengig klagenemnd i rovviltsaker jf. ny § 26 b i naturmangfaldlova, då dette inneber ei politisk ansvarsfraskrivning som vil ha uheldige konsekvensar for tilliten til rovviltforvaltninga.
3. Når det gjeld klagar over vedtak om erstatning for tap av husdyr og tamrein til rovvilt og vedtak etter rovviltforvaltninga sine tilskottordningar, meiner rådmannsleiinga at det kan vere eit alternativ at denne type klagar kan behandlast i ei klagenemnd. Desse sakene er ikkje av politisk karakter, og er eigna for behandling av ei uavhengig, fagleg kompetent klagenemnd.
4. Utvalet støttar ikkje forslaget om færre og større forvaltningsregionar for rovvilt jf. §§ 4 og 5 i rovviltforskrifta, då dette vil innebere ei betydeleg sentralisering av makt og myndigheit og mindre lokal forankring og påverknad. Ein meiner dei sittande rovviltnemndene si funksjonstid bør forlengast inntil dei nye fylkestinga sjølv får uttalt seg om korleis forvaltningsregioninndelinga bør vere.
5. Utvalet støttar ikkje forslaget om felles bestandsmål og arealdifferensiering på tvers av forvaltningsregionane slik dette går fram av dei føreslegne endringane i rovviltforskrifta §§ 4 og 6. Forslaget er for dårleg utgreidd og det går ikkje fram kva slags konsekvensar det vil ha for den praktiske forvaltninga.
6. Utvalet støttar forslaget om at Landbruksdirektoratet på lik line med Miljødirektoratet skal gis høve til å gi uttale til rovviltnemndene sine forvaltningsplanar, jf. rovviltforskrifta § 6.
7. Utvalet støttar forslaget om at kommunane får klageadgang for enkeltvedtak fatta med heimel i rovviltforskrifta, jf. rovviltforskrifta § 18.

8. Utvalet støttar forslaget om å tillate nye, permanente verkemiddel for å gjere lisensfellinga av jerv meir effektiv, ved bruk av kunstig lys i samband med åtejakt på jerv og elektronisk overvaking av jervebås i staden for fysisk tilsyn, jf. §§ 29 a og 34 i forskrift om utøving av jakt, felling og fangst.
9. Utvalet tilrår at det gis dispensasjon for bruk av laus, på drevet halsande hund i samband med skadefelling av jerv, på tilsvarende vilkår som for ulv.
10. Utvalet tilrår at det i spesielt problemutsette beiteområde jf. jerv blir opna for bruk av skadefelling i kommunal regi i lisensfellingsperioden. Dette i tråd med at lisensfelling åleine ikkje er tilstrekkeleg til å regulere jervebestanden, samt at Klima- og miljødepartementet sjølv ønskjer å gjennomføre færre ekstraordinære uttak/hiuttak.

Utval for landbruks-, utmarks- og miljøraker 18.09.2019:

Behandling i møte:

Administrasjonen orienterte om saka.

Det vart frå administrasjonen teke opp at det i pkt. 3 etter komma, må gjerast ei redaksjonell endring, ved at rådmannsleiinga blir bytt ut med utvalet.

3. Når det gjeld klagar over vedtak om erstatning for tap av husdyr og tamrein til rovvilt og vedtak etter rovviltforvaltninga sine tilskottordningar, meiner utvalet at det kan vere eit alternativ at denne type klagar kan behandlast i ei klagenemnd. Desse sakene er ikkje av politisk karakter, og er eigna for behandling av ei uavhengig, fagleg kompetent klagenemnd.

Innstillinga med redaksjonell endring vart samrøystes vedteke.

LUM- 054/19 Vedtak:

Utval for landbruks-, utmarks- og miljøraker viser til rådmannsleiinga si vurdering av forslag til endringar i naturmangfaldlova, rovviltforskrifta og forskrift om utøving av jakt, felling og fangst, og støttar dei vurderingane som er lagt fram.

1. Utvalet støttar forslaget om endring av § 17 andre ledd andre punktum i naturmangfaldlova. Endringa inneber ei lemping av nødverjeretten, ved at retten kan nyttast før ei faktisk skade har skjedd dersom dette "*må anses påkrevd*".
2. Utvalet støttar ikkje forslaget om oppretting av ei ny, uavhengig klagenemnd i rovvilt saker jf. ny § 26 b i naturmangfaldlova, då dette inneber ei politisk ansvarsfråskrivning som vil ha uheldige konsekvensar for tilliten til rovviltforvaltninga.
3. Når det gjeld klagar over vedtak om erstatning for tap av husdyr og tamrein til rovvilt og vedtak etter rovviltforvaltninga sine tilskottordningar, meiner utvalet at det kan vere eit alternativ at denne type klagar kan behandlast i ei klagenemnd. Desse sakene er ikkje av politisk karakter, og er eigna for behandling av ei uavhengig, fagleg kompetent klagenemnd.
4. Utvalet støttar ikkje forslaget om færre og større forvaltningsregionar for rovvilt jf. §§ 4 og 5 i rovviltforskrifta, då dette vil innebere ei betydeleg sentralisering av makt og myndigheit og mindre lokal forankring og påverknad. Ein meiner dei sittande rovvilt nemndene si funksjonstid bør forlengast inntil dei nye fylkestinga sjølv får uttalt seg om korleis forvaltningsregioninndelingane bør vere.
5. Utvalet støttar ikkje forslaget om felles bestandsmål og arealdifferensiering på tvers av forvaltningsregionane slik dette går fram av dei føreslegne

endringane i rovviltforskrifta §§ 4 og 6. Forslaget er for dårleg utgreidd og det går ikkje fram kva slags konsekvensar det vil ha for den praktiske forvaltninga.

6. Utvalet støttar forslaget om at Landbruksdirektoratet på lik line med Miljødirektoratet skal gis høve til å gi uttale til rovviltnemndene sine forvaltningsplanar, jf. rovviltforskrifta § 6.
7. Utvalet støttar forslaget om at kommunane får klageadgang for enkeltvedtak fatta med heimel i rovviltforskrifta, jf. rovviltforskrifta § 18.
8. Utvalet støttar forslaget om å tillate nye, permanente verkemiddel for å gjere lisensfellinga av jerv meir effektiv, ved bruk av kunstig lys i samband med åtejakt på jerv og elektronisk overvaking av jervebås i staden for fysisk tilsyn, jf. §§ 29 a og 34 i forskrift om utøving av jakt, felling og fangst.
9. Utvalet tilrår at det gis dispensasjon for bruk av laus, på drevet halsande hund i samband med skadefelling av jerv, på tilsvarande vilkår som for ulv.
10. Utvalet tilrår at det i spesielt problemutsette beiteområde jf. jerv blir opna for bruk av skadefelling i kommunal regi i lisensfellingsperioden. Dette i tråd med at lisensfelling åleine ikkje er tilstrekkeleg til å regulere jervebestanden, samt at Klima- og miljødepartementet sjølv ønskjer å gjennomføre færre ekstraordinære uttak/hiuttak.

Bakgrunn for saka:

Klima- og miljødepartementet (KLD) har sendt på høyring fleire forslag til endringar i naturmangfaldlova, rovviltforskrifta og forskrift om utøving av jakt, felling og fangst, med høyringsfrist 1.10.2019. Bakgrunnen for høyringsforslag er blant anna oppfølging av regjeringserklæringa og evalueringa av regional rovviltforvaltning som blei gjennomført i 2016.

Link til forskriftene som blir omfatta av endringsforslaga:

- Naturmangfaldlova <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2009-06-19-100>
- Rovviltforskrifta <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2005-03-18-242>
- Forskrift om utøvelse av jakt, felling og fangst <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2002-03-22-313>

Endringsforslaga gjeld:

1 - Endringar i reglane om nødverge

Endringar i naturmangfaldlova § 17: Det blir føreslege endringar i reglane om nødverge som opnar for felling av vilt, også rovvilt, for å verne om ulike husdyr. Forslaget går ut på å ta inn att det tidlegere kravet om at felling av rovvilt i nødverge for å verne om ulike husdyr "*må anses påkrevd*". Vidare blir det føreslege å endre ordlyden slik at felling i nødverge ikkje er avgrensa til "*under direkte angrep*" til også å omfatte "*umiddelbart forestående angrep*" på husdyr.

2 - Ny klagenemnd i rovviltsaker

Ny § 26 b i naturmangfaldlova: Det blir føreslege å etablere ei uavhengig rovviltklagenemnd. Klagenemnda skal behandle klager på fellingsvedtak, vedtak om erstatning for tap av husdyr og tamrein til rovvilt og vedtak etter rovviltforvaltninga sine tilskottsordningar.

3 - Større rovviltregionar

Endringar i rovviltforskrifta §§ 4 og 5: Det blir føreslege å auke storleiken på rovviltregionane, ved å redusere dagens åtte rovviltregionar til fire eller fem nye rovviltregionar. Forslaget er ei oppfølging av evalueringa av den regionale rovviltforvaltninga som blei gjennomført i 2016. Evalueringa peikar på at rovviltregionene er for små til at ein kan forvente å halde rovviltbestandar stabile på eksakte måltal. I tillegg vil Noregs elleve nye fylke som følgje av

regionreforma få betydning for avgrensninga av rovviltregionane.

4 - Felles forvaltning på tvers av regionar

Endringar i rovviltforskrifta §§ 4 og 6: Det blir føreslege at rovviltnemndene får eit større, felles ansvar i rovviltforvaltninga, gjennom å sjå forvaltninga av rovvilt over større, samanhengande område. Bakgrunnen for dette forslaget er også evalueringa av den regionale rovviltforvaltninga som blei gjennomført i 2016.

Forslaget medfører konkret eit felles bestandsmål for dei store rovdyra høvesvis sør og nord for Trondheimsfjorden og Stjørdalselva/Tevla. Samstundes blir det føreslege at rovviltnemndene skal samarbeide med tilgrensande rovviltregionar når det blir fastsett prioriterte rovdyr- og beiteområde.

5 - Uttale frå Landbruksdirektoratet på regionale forvaltningsplanar

Endringar i rovviltforskrifta § 6: Etter gjeldande regelverk skal rovviltnemndene sine forvaltningsplanar sendast Miljødirektoratet til uttale før dei blir vedteke av rovviltnemndene. Det blir no føreslege at Landbruksdirektoratet også skal gis høve til å gi uttale til forvaltningsplanane.

Forslaget vil kunne gi gevinstar i rovviltnemndene sin planlegging, til dømes med tanke på prioritering av område til høvesvis rovdyr og beitedyr. Vidare kan det gi rovviltnemndene auka moglegheit for ein samla og balansert verkemiddelbruk innafor både miljø-, landbruk- og reindriftsforvaltning.

6 - Kommunane sin klageadgang på rovviltvedtak

Endringar i rovviltforskrifta § 18: Kommunar har etter gjeldande rett ikkje rettsleg klageinteresse i saker som gjeld vedtak om felling av rovvilt. Etter ei heilskapleg vurdering blir det føreslege at kommunar får klageadgang for enkeltvedtak fatta med heimel i rovviltforskrifta.

7 - Nye fellingsmetodar for jerv

Endringar i forskrift om utøving av jakt, felling og fangst §§ 29 a og 34: Det blir føreslege å tillate nye, permanente verkemiddel for å gjere lisensfelling av jerv meir effektiv. Dette gjeld bruk av kunstig lys i samband med åtejakt på jerv, og elektronisk overvaking av jervebås i staden for fysisk tilsyn.

Rådmannsleiinga si vurdering:

1 - Endringar i reglane om nødverge

Gjeldande § 17, andre ledd har slik ordlyd: *Vilt kan avlives når det må anses påkrevd for å fjerne en aktuell og betydelig fare for skade på person. Eieren, eller en som opptrer på vegne av eieren, kan avlive vilt **under direkte angrep** på bufe, tamrein, gris, hund og fjørfe.*

Forslag til ny § 17, andre ledd har slik ordlyd: *Vilt kan avlives når det må anses påkrevd for å fjerne en aktuell og betydelig fare for skade på person. Eieren, eller en som opptrer på vegne av eieren, kan avlive vilt **når det må anses påkrevd på grunn av et pågående eller umiddelbart forestående angrep** på bufe, tamrein, gris, hund og fjørfe.*

Rådmannsleiinga støttar forslaget om endring av § 17 andre ledd andre punktum for å bringe ordlyden i regelverket i samsvar med Noregs internasjonale forpliktingar, og for å syte for at ordlyden gir best mogleg uttrykk for kva som er rettstilstanden. Rådmannsleiinga meiner det er viktig å understreke at det for legitimiteten til rovviltforvaltninga, slik den er i dag med todelt målsetting og soneinndelingar, at folk og lokalsamfunn opplever at dei kan forsvare seg og sine dyr dersom det oppstår situasjonar med rovvilt der slikt forsvar er nødvendig. Ein meiner at praktiseringa av reglane om nødverge ikkje må vere for streng, men må ta utgangspunkt i den enkelte si oppleving av situasjonen og føreliggjande handlingsalternativ.

2 - Ny klagenemnd i rovviltsaker

Rådmannsleiinga støttar ikkje forslaget om oppretting av ei uavhengig rovviltklagenemnd som skal behandle klagar over vedtak om kvotar for jakt, lisensfelling og skadefelling av rovvilt, vedtak om skadefelling av enkelt dyr av rovvilt, jf. forslaget om ny § 26 b i naturmangfaldlova.


Ein meiner det er av avgjerande betydning for rovviltforvaltninga og rovviltpolitikken sin legitimitet at statsråden er ansvarleg og kan gjerast ansvarleg på parlamentarisk grunnlag for å igangsette og gjennomføre den vedtekne politikken. Ein meiner at

forslaget vil innebære ei politisk ansvarsfråskrivning som vil ha uheldige konsekvensar for tilliten til rovviltforvaltninga.

Når det gjeld klagar over vedtak om erstatning for tap av husdyr og tamrein til rovvilt og vedtak etter rovviltforvaltninga sine tilskottsordningar, meiner rådmannsleiinga at det kan vere eit alternativ at slike klagar kan behandlast i ei klagenemnd. Desse sakene er ikkje av politisk karakter, og er eigna for behandling av ei uavhengig, fagleg kompetent klagenemnd.

3 - Større rovviltregionar

KLD viser til at dagens åtte rovviltregionar er for små til at ein kan forvente å halde rovviltbestandar stabile på eksakte måltal, samt at Noregs elleve nye fylke som følgje av regionreforma får betydning for avgrensninga av rovviltregionane.



Figur 1. Kart over dagens åtte forvaltningsregionar for rovvilt (venstre), samanlikna med dei elleve nye fylka som følgje av regionreforma (høgre).

KLD føreslår å auke storleiken på rovviltregionane ved å redusere dagens åtte rovviltregionar til fire eller fem nye rovviltregionar. Ved fem rovviltregionar skal region Østlandet bestå av Innlandet, Oslo og Viken. Ved fire rovviltregionar skal region Østlandet bestå av Innlandet, Oslo, Viken, Vestfold og Telemark og Agder. KLD viser til at forslaga om større rovviltregionar er i tråd med faglege tilrådingar for å gjere forvaltninga meir stabil. Det blir vidare nemnt at rovviltnemndene vil få auka ansvar og større handlingsrom i den lokale forvaltninga.

Rådmannsleiinga støttar ikkje forslaget om endringar i rovviltforskrifta §§ 4 og 5 om færre og større forvaltningsregionar for rovvilt. Ein meiner at regionreforma ikkje gjer det nødvendig med dei føreslegne endringane, og at det er viktig å legge til rette for ei så lokal forvaltning i rovviltpolitikken som mogleg då dette gir legitimitet til dei vedtak som treffast. Gir det større lokalt handlingsrom for til dømes Innlandet når ein skal inn i same region som Oslo, Viken, Vestfold/Telemark og Agder? Svaret er nok et klart nei.

Forslaget vil medføre ei svekka regional og lokal forankring, gi mindre handlingsrom for sjølvstendige vurderingar og føre til sentralisering av makt og myndigheit.

Ein meiner dei sittande rovviltnemndene si funksjonstid bør forlengast inntil dei nye

fylkestinga sjølv får uttalt seg om korleis forvaltningsregioninndelinga bør vere. Rådmannsleiinga stiller seg og tvilande til at rovviltnemndene vil få auka ansvar i den lokale forvaltninga, då nemndene ikkje får endra myndigheitsutøving i forhold til Miljødirektoratet.

4 - Felles forvaltning på tvers av regionar

Rådmannsleiinga støttar ikkje forslaget om felles bestandsmål og arealdifferensiering på tvers av rovviltregionar, slik dette går fram av dei føreslegne endringane i rovviltforskrifta §§ 4 og 6. Forslaget er for dårleg utgreidd og det går ikkje fram kva slags konsekvensar det vil ha for den praktiske forvaltninga.

Ein kan til dømes nemne forslag om ny region Østlandet, der Innlandet skil seg klart frå dei andre føreslegne fylka i regionen når det gjeld husdyrhald, utmarksbeiteressursar, bestandsmål og utfordringar med tap av husdyr på utmarksbeite til dei store rovdyra. Kva slags forvaltningsmessige konsekvensar vil dette gi for denne regionen?

Forslaget vil vidare medføre ei svekka regional og lokal forankring, gi mindre handlingsrom for sjølvstendige vurderingar og føre til sentralisering av makt og myndigheit.

Rovviltnemndene får heller ikkje endra myndigheitsutøving i forhold til Miljødirektoratet.

5 - Uttale frå Landbruksdirektoratet på regionale forvaltningsplanar

Rådmannsleiinga støttar forslaget om at Landbruksdirektoratet på lik line med Miljødirektoratet skal gis høve til å gi uttale til rovviltnemndenes forvaltningsplanar. Ein meiner dette vil styrke tilliten til planane, og i større grad gjenspegle den todelte målsettinga i rovviltpolitikken.

6 - Kommunane sin klageadgang på rovviltvedtak

Rådmannsleiinga støttar forslaget om at kommunane får klageadgang for enkeltvedtak fatta med heimel i rovviltforskrifta.

7 - Nye fellingsmetodar for jerv

Rådmannsleiinga støttar forslaget om å tillate nye, permanente verkemiddel for å gjere lisensfellinga av jerv meir effektiv, jf. bruk av kunstig lys i samband med åtejakt på jerv og elektronisk overvaking av jervebås i staden for fysisk tilsyn.

KLD skriv at det er eit mål å redusere bruken av ekstraordinære uttak/hiuttak, både av etiske og økonomiske grunnar. Rådmannsleiinga meiner det er langt fram til at lisensfellinga av jerv åleine vil kunne regulere bestanden, sjølv med nye, permanente verkemiddel. Ein tilrår at KLD arbeider vidare mot at det kan gis dispensasjon for bruk av laus, på drevet halsande hund i samband med skadefelling av jerv, på tilsvarande vilkår som for ulv.

Rådmannsleiinga tilrår og at KLD i spesielt problemutsette beiteområde jf. store tap av beitedyr til jerv opnar for bruk av skadefelling i kommunal regi i lisensfellingsperioden. Dette i tråd med at lisensfelling åleine ikkje er tilstrekkeleg til å regulere jervebestanden, samt at KLD sjølv ønskjer å gjennomføre færre ekstraordinære uttak/hiuttak.

Administrasjonssjefen i Nord-Fron
Arne Sandbu